



## **Program 2023– 2027**

### **SELJORD SENTERPARTI**

#### **Våre verdier**

Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå og ha eit samfunn med frie sjølvstendige menneske som tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og natur og miljø. Partiet sitt menneskesyn byggjer på kristne og humanistiske verdier og eit sterkt vern om menneskeverdet.

Senterpartiet arbeider for desentralisering av makt, kapital og busetjing. Føresetnaden for eit levande folkestyre er nærleik, likeverd og korte avstandar mellom dei som tek avgjerda og dei som avgjerda får verknad for. Senterpartiet vil desentralisere makt slik at flest mogleg kan vere med i samfunnsutforminga. Fellesskap og likeverd mellom folk inneber at makt, kapital og eigedom bør spreia på mange hender.

Senterpartiet vil sikre den private eigedomsretten. Tryggleik rundt retten til eigedom er viktig for den einskilde og utviklinga av landet.

#### **Vårt Seljord**

Seljord Senterparti arbeider for gode tenester til innbyggjarar og næringsliv, auka folketal og å trygge arbeidsplassar i heile Seljord. Me vil utvikle Seljord som eigen kommune og ynskjer å styrke samarbeidet i Vest-Telemark. Ein region med sjølvstendige kommunar sikrar nærleik mellom folkevalde og innbyggjarar, oversiktlege og effektive tenester og at ein er fleire som arbeider til beste for Vest-Telemark. Seljord Senterparti er uroa for

sentraliseringa i samfunnet og svekking av det lokale folkestyret. Me vil ha utvikling i heile landet, ikkje berre i byar og sentrale strøk.

Den økonomiske situasjonen til kommunen er langt betre no enn då me overtok styringa i 2019. Me meiner det er uaktuelt å innføre eigedomsskatt i Seljord kommune. Seljord Senterparti vil framleis prioritere tenester innan oppvekst, skule og omsorg. Me arbeider for at kommunane skal ha økonomiske rammer som gjev rom for gode tenester til innbyggjarane.

Seljord Senterparti vil vidareutvikle Seljord som ein grøn, nyskapande og attraktiv kommune, som nyttar lokalt særpreg, engasjement og lokale ressursar til å trekkje til seg nytt næringsliv og nye innbyggjarar. I Seljord går næringsutvikling, landbruk, reiseliv, kultur og handel hand i hand. Bygda har stolte landbrukstradisjonar og eit rikt kulturliv som kombinert med gründerånd, ståpåvilje, og “teft” har gitt bygda ein unik posisjon og mange arbeidsplassar innan ulike bransjar.

Me må få fleire til å bu her og leve det gode liv i Seljord. For å få til dette må me sikre attraktive og varierte bustadtypar og boligtomter i heile kommunen. Mangel på attraktive bustadar er eit stort hinder for naudsynt rekruttering til både næringslivet og offentlege verksemder. Om fleire som pendlar til Seljord busett seg her vil me få auka inntekter både til kommunen og lokale verksemder. Satsing på bustadar vil styrke næringslivet i bygda. Ein må sikre at attraktive buplassar i kommunen vert brukt til heilårsbusetting framfor fritidsbustad.

Seljord Senterparti satsar på skulane i Seljord. Til hausten står nye Flatdal skule klar til bruk og ein er kome igang med arbeid på Seljord barne- og ungdomsskule. Me ynskjer at tilboda innan skule og oppvekst skal vere så lokale som råd for å ivareta nærleik og god kvalitet. Gode tilbod er viktige for trivsel, læring og identitet. Skule og barnehage er ein arena både for leik og læring og viktig som møteplass for lokalsamfunnet.

Seljord må ta miljø- og klimautfordringane på alvor, og sin del av ansvaret for å redusere utslepp og forbruk. Senterpartiet er det praktiske og jordnære miljøpartiet, som trur på vern gjennom berekraftig bruk. Seljord Senterparti vil gjere Seljord til ein grøn føregangskommune!

## Gode tenester nær folk

Seljord Senterparti vil:

- at Seljord kommune skal vere ein kommune med god service, kort sakshandsamingstid og god dialog med innbyggjarane
- sikre god pedagogtettleik i barnehage, skule og SFO
- framleis ha tilbod om 3, 4 og 5-dagars barnehage og SFO i heile kommunen
- ha løpande opptak for å kunne gje alle born barnehageplass når dei fyller 1 år og arbeide for at staten skal finansiere dette.
- alltid ha ledige barnehageplassar for å kunne ta imot tilflyttarar
- sikre alle born barnehageplass i sin skulekrins og at søsken får plass i same barnehage
- at Seljordsskulen også skal legge vekt på praktiske fag, og tilby arbeidslivsfag og entreprenørskap
- vidareutvikle SFO-tilbodet i Seljord og Flatdal
- arbeide for å innføre skulemåltid og ein time fysisk aktivitet i skulen kvar dag
- ruste opp Seljord barne- og ungdomsskule til ein moderne standard, tilpassa nye læringsmetodar og læreplanar. Ulike alternativ må utgreiast for både oppgradering av eksisterande lokale og behov for ombygging og tilbygg må vurderast.
- sikre at Flatdal barnehage har kapasitet til alle born som soknar til Flatdal oppvekstsenter. Barnehagen må ha areal både inne og ute som er godt tilrettelagt for alle aldersgruppene.
- sikre tett samarbeid mellom Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark og dei kommunale førebyggjande tenestene
- arbeide for gode tilbod innanfor grønn omsorg/”Inn på tunet” i Seljord
- ha fokus på bygdemålet, nynorsk skriftspråk og lokale segn, soger og songar i barnehage og skule
- arbeide for fleire studietilbod ved Vest-Telemark vidaregåande skule og at alle utdanningsprogram er tilgjengeleg i Øvre Telemark.
- arbeide for ei god skuleskyssordning for elevar i vidaregåande og at flest mogeleg skal kunne ta vidaregåande opplæring utan å måtte flytte på hybel
- sikre god kapasitet i skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom
- ha ei god og alderstilpassa seksualitetsundervisning, med fokus på grensesetting og respekt

- arbeide aktivt mot all form for mobbing, trakassering og forskjellsbehandling
- sikre at tenestene innan helse og omsorg blir tilpassa den enkelte brukar
- byggje ut Nesbukti for å sikre nok sjukeheimsplassar, slik at alle innbyggjarar kan få ei verdig omsorg i sitt nærmiljø. Styrkinga av rehabilitering og avlasting må halde fram.
- leggje til rette for eit framtidig produksjonskjøkken på Nesbukti
- halde fram med å styrke dei gode heimetenestene så folk kan bu heime lengst mogeleg
- Sikre at det felles NAV-kontoret i Vest-Telemark er enkelt tilgjengeleg lokalt i Seljord for både innbyggjarar og næringsliv. Det må vere gode opningstider, mogelegheit for “drop-in” og rettleiing i bruk av digitale tenester.
- kjempe for at det blir oppretta ei base for luftambulansse i Vinje
- arbeide for eit sterkt og velfungerande Distriktpsikiatrisk Senter (DPS) i Seljord, inkludert gjenopning av poliklinikken og fleire døgnplassar.
- arbeide for at born og unge i Vest-Telemark som treng tilbud frå BUP kan få dette på DPS i Seljord
- vidareutvikle Rask psykisk helsehjelp (RPH) og kommunepsykolog-samarbeidet

## **Eit grønnare Seljord**

Seljord Senterparti vil:

- følgje opp den vedtekne klimaplanen for Vest-Telemark
- lære unge gode vanar for kjeldesortering gjennom årlege opplegg i skule og barnehage
- leggje til rette for meir bruk av solenergi
- sikre framtidig drift av Seljord hage og nytte hagen i kommunen si verksemd
- styrke vernet av dyrka mark
- gje tilskot til grøfting og nydyrking
- arbeide for ordningar som sikrar Telemarkskua som rase
- redusere attgroinga av kulturlandskapet i Seljord, gjennom å utarbeide beiteplanar for å få fleire dyr på beite og at heile Svartdal og Flatdal kan kome under finansieringsordninga for utvalde kulturlandskap
- forvalte skogressursane i kommunen betre gjennom meir aktivt skogbruk, meir lokal foredling og bygging av fleire skogsbilvegar
- bidra til meir CO2-binding gjennom god skogforvaltning og fleire beitande dyr

- ha ein kampanje for rydding av krattskog langs veg og attgrodde teigar i viktig kulturlandskap
- fullføre turvegen langs Seljordsvatnet og få realisert ein samanhengande turveg/gang- og sykkelveg mellom Seljord og Flatdal
- utvikle den sentrumsnære vassfronten med tanke på reiseliv og friluftsliv
- arbeide for mindre kasting av mat
- ha aksjonar for å rydde ting som forsøplar og forureinar lokalmiljøet
- redusere bruken av eingongsplast i Seljord kommune og arbeide for at plast på avveggar vert rydda, mellom anna gjennom Strandryddeaksjonen
- nytte mest mogeleg av overskotet frå eigarskapet i VTK og inntektene frå sal av konsesjonskraft til investeringar og setje pengar på bok til trongare tider

## Arbeidsplassar nær folk

Seljord Senterparti vil:

- ha godt samarbeid med næringslivet i Seljord, og legge til rette for utvikling og vekst i eksisterande verksemder
- alltid ha byggeklare næringsstomter og ledig næringsareal i heile kommunen, for å kunne ta imot bedrifter som ynskjer å etablere seg
- vere ein aktiv eigar i næringshagen i Seljord og legge til rette for nye etableringar i næringsområda på Vekan, Nordbygdi og Århus
- arbeide for etablering av fleire kompetansesarbeidsplassar i kommunen
- vidareutvikle “felles stillingsslepp i Vest-Telemark”, der det offentlege og næringslivet saman viser fram ledige stillingar, for å marknadsføre regionen vår og trekke til oss arbeidskrafta me treng
- gjere ordninga med Bygdeutviklar permanent og ha ei ordning med lokale bygdevertar som hjelper folk å orientere seg i kommunen, koble med aktuelle arbeidsgjevarar og finne bolig.
- styrke Seljord som merkevare, festivalbygd og reiselivsdestinasjon
- ha ein god og tilgjengeleg turistinformasjon
- arbeide for at Dyrsku'n får ein fast post på statsbudsjettet, som nasjonal møteplass for landbruks- og matkultur.
- satse på Brøløs! Me vil legge til rette for ei god blanding av bustadar for ulike aldersgrupper, næringsaktivitet, handel og servering. Det må vere liv og aktivitet i sentrum heile året

- halde fram med å ruste opp Brøløs og sette av midlar til trivselstiltak i samarbeid med dei ulike verksemdene som er etablert der
- nytte lokale verksemdar ved kommunale kaup og anbudsprosessar så langt lovverket tillet det, også i verksemdar kommunen er medeigar i
- arbeide for meir midlar til kommunale næringsfond, for å kunne støtte nyetableringar og bidra til utvikling i eksisterande bedrifter
- arbeide for fleire arbeidsplassar innan kulturbasert og naturbasert næring, basert på allereie eksisterande næringsmiljø innan reiseliv, kultur og landbruk
- støtte opp om arbeidet med “Mytiske Telemark” og det kreative lokale arbeidet knytt til reiseliv og anna næringsaktivitet i samband med Sogevegen
- at meir jordbruksareal skal haldast i hevd og takast i bruk til matproduksjon
- bruke meir lokalprodusert og kortreist mat i kommunen
- styrke samarbeidet med faglaga i landbruket og sikre det faglege miljøet i kommunal landbruksforvaltning
- vere ein aktiv samarbeidspart for Seljord Folkehøgskule
- vere ei god vertskommune for Fylkessenteret i Seljord
- arbeide for at det vert lagt fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar til Seljord

## **Gode bumiljø**

Seljord Senterparti vil:

- ha byggeklare og attraktive tomter i heile kommunen
- vere positive til frådelling av romslige tomter for å gjere det attraktivt for ungdom og familiar i etableringsfasen å bygge hus i bygdene våre
- sjå om det er stader me kan fortette busetnaden, spesielt i sentrum
- utvikle “Bilrute-tomta” med ein kombinasjon av bustadar og næringsareal
- gjennomgå dei eldre reguleringsplanane i Seljord sentrum for å modernisere desse og redusere behovet for dispensasjonssøknadar
- samarbeide med utbyggjarar for å få bygd fleire rimelege bustadar til både utleige og eige, spesielt med tanke på ungdom og førstegongsetablerarar
- arbeide vidare for at nedlagte småbruk og fråflytta bustadar i kommunen får ljøs i glasa gjennom ei vidareføring av “Småbruksprosjektet” i Vest-Telemark
- ta initiativ til eit samarbeid mellom dei ulike bygdeutviklingsprosjekta i Vest-Telemark

- bruke konsesjonslova slik at ein fremmar fast heilårsbusetting framfor at attraktive buplassar vert nytta som fritidsbolig.

## Kommunikasjon og samferdsel

Seljord Senterparti vil:

- arbeide for å bygge ut fleire gang- og sykkelveggar i kommunen: gjennom Nordbygdi (kommunal veg), Århus - Flatin (riksveg), Flatdal sentrum - Sundbøgrenda (fylkesveg), Åmotsdal kyrkje - Rønjomsgrendi (fylkesveg) og Møsasida - Sinnesodden (fylkesveg)
- halde fram med å prioritere vedlikehaldet av kommunale veggar
- arbeide for betre standard på fylkesvegane i kommunen for betre framkome for folk og næringsliv
- bidra i spleiselag for å sikre god mobildekning i heile kommunen
- utvide skyssordninga for ungdom gjennom å innføre "Trygt heim-tilbod"
- fortsette å ruste opp rv. 36 mellom Seljord og Skien og sikre oppgradering av E134 og vintersikker veg for hovudfartsåra mellom aust og vest
- arbeide vidare for ei trafiksikker påkobling E134/Rv36 og arbeide for at krysset og Bjørge-parsellen kjem inn på statsbudsjettet
- be om ny behandling av bompengeproposisjonen for Rv36 Seljord - Bø i samband med Bjørge-parsellen, for å få innført eit prinsipp om at ingen grender i kommunen må betale bompengar for å kome seg til kommunesenteret i Seljord
- ikkje ha bom mellom Seljord og Brunkeberg, og at vidare utbetring av E134 primært skal skje med statlege midlar.
- arbeide vidare med å få strekningsvis utbetring Seljord - Morgedal
- utvikle busstilbodet til og frå Seljord, spesielt med fleire avgangar kveld/helg
- arbeide for statleg støtte til viktige ekspressruter som Haukeliekspressen
- betre kollektivtilbodet innad i kommunen
- framleis støtte arbeidet med høgfartsbane over Haukeli
- arbeide for fleire tog på Sørlandsbanen og god korrespondanse med buss

## Eit levande, trygt og inkluderande lokalsamfunn

Seljord Senterparti vil:

- at Seljord kommune skal vere ein god samarbeidspartnar og pådrivar for at kulturlivet skal blomstre og ha ei framtid
- fortsette å auke tilskota til lokale lag og foreiningar
- at kommunen skal ha årlege møte med dei ulike grendelaga
- at idrett, friluftsliv og folkehelse skal ha høg prioritet, både i planverk og tiltak
- gje born og føresette god kunnskap om folkehelse og risikofaktorar, som kosthald og fysisk aktivitet
- støtte oppunder etablering av fleire dagsturhytter i kommunen
- arbeide målretta og førebyggjande med rus og psykiatri, spesielt i skulen
- ha ei fast stilling som ungdoms-LOS på Seljord barne- og ungdomsskule
- ha fokus på forebyggjande arbeid når det gjeld mobbing og rasisme. Alle barn og unge i Seljord skal oppleve eit inkluderande og mobbefritt miljø, både på skulebussen/skulevegen, i skuletida og på fritida.
- satse vidare på Sommarskulen som eit gratis tilbod til barn og unge i Seljord
- tilby ungdom i Seljord sommarjobb gjennom Sommarskulen og andre aktuelle arbeidsplassar i kommunen
- styrke Granvin som regionalt kulturhus og samlingsplass i bygda
- vidareutvikle biblioteket på Granvin som ein viktig møteplass og prioritere tilbodet til barn og unge
- halde fram med Bok på Bui i Flatdal og vurdere å etablere dette på butikken i Åmotsdal.
- sikre tilgang til gratis lokale for lag og foreiningar
- arbeide for universell utforming av Granvin kulturhus
- framleis prioritere vedlikehald og opprusting av symjehallen og ha bassenget ope ein større del av året
- vidareføre den gode symjeopplæringa i skulen, ha god utandørs symjeopplæring og leggje til rette for symjeopplæring i barnehagen
- gje kulturskulen gode og forutsigbare rammer til å vidareutvikle tilbodet og behalde den gode kvaliteten
- ha gode tilbod innan den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken
- legge tilhøva til rette for ei levande folkekyrkje og lokalt menighetsliv
- arbeide for god brannsikring av kyrkjene



- stø opp om vidare drift av Seljord frivilligsentral
- legge til rette for permanente lokale for ungdomsklubben i Seljord (“ungdomshus”) og ha tilbod også etter skuletid
- ha tilbod om “mekkeverkstad” for ungdom
- auke stilling til ungdomsarbeid i kommunen
- bevare søndagen som ein dag for familie og fritid, og seie nei til at alle butikkar kan vere sundagsopne
- støtte opp under grendebutikkane og sjå på måtar kommunen og butikkane kan samhandle for å gje butikkane fleire bein å stå på og at kommunen/det offentlege kan yte fleire tenester lokalt
- prioritere god lokal beredskap og godt samarbeid mellom naudetatar og andre aktørar
- sikre god lokal brannberedskap i heile kommunen
- styrke politistasjonen i Seljord vidare med fleire tilsette, overføring av fleire oppgåver, betre førebyggjande arbeid og gjeninnføring av passutskrivning lokalt
- arbeide for auka bemanning og politifolk på vakt i Vest-Telemark heile døgnet heile året
- skape gode og trygge ungdomsmiljø gjennom at kommunen, politi, skule og foreldre jobbar tett saman
- sikre at alle tilflyttarar blir tekne imot på ein god og inkluderande måte
- at Seljord skal halde fram å ta i mot flyktningar og sikre rask og god integrering
- ha betre morsmålsundervisning i skulen
- ha fleire praksisplassar og språktreningsplassar i kommunale verksemder
- satse meir på burettleiing og oppfølging av flyktningane som kjem hit òg etter fullført introprogram for dei som treng det.

## **Eit godt arbeidsliv for alle**

Seljord Senterparti vil:

- at Seljord kommune skal vere ein god arbeidsgjevar, og me vil spele på lag med dei tilsette og innbyggjarane for å utvikle tenestene i kommunen
- gje dei tilsette tillit og ansvar så dei kan utøve arbeidet sitt utan unødig detaljstyring og byråkratisering
- gå imot privatisering og konkurranseutsetjing av grunnleggjande kommunale tenester
- ha minst mogleg bruk av innleigd arbeidskraft frå vikarbyrå og liknande

- ha minst mogleg bruk av midlertidige tilsetjingar
- vere positiv til nye måtar å organisere turnus og arbeidstid på som kan gje større fleksibilitet og betre tenester til brukarane
- arbeide for at alle som ynskjer å arbeide fulltid i kommunen får det
- arbeide for betre kjønnsbalanse på ulike kommunale arbeidsplassar, særskilt innan i barnehage, skule og barnevern
- at tilsette i kommunen skal få tilbod om relevant etter- og vidareutdanning
- ha fokus på omdømmebygging, framsnakking og trivsel på arbeidsplassen.
- ha forebygging av sjukefråvær høgt på den politiske dagsordenen
- hindre svart arbeid og sosial dumping ved å syte for at bedrifter som inngår kontrakter med Seljord kommune held seg til arbeidsmiljølova og gjeldande regelverk, og avgrense talet på underleverandørar
- arbeide for at Seljord kommune kvart år skal ta inn minimum 2 lærlingar per 1000 innbyggjarar og at næringslivet i Seljord tek inn fleire lærlingar

## **Seljord inn i framtida**

Seljord Senterparti vil:

- arbeide for å utvikle Seljord som ein eigen kommune
- styrke det interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark.
- at Seljord skal vere ein god og raus samarbeidspart i lag med dei andre kommunane i Telemark
- at Seljord kommune skal vere ein aktiv og engasjert medeigar i interkommunale selskap og andre selskap kommunen har eigarinteresser i
- evaluere interkommunale selskap og samarbeid for å sjå om dei gjev betre tenester og sikre at me får nok att for pengane som vert nytta
- behalde kommunalt eigarskap i Vest-Telemark Kraftlag og sikre at verksemda har kapital til å bidra i utviklinga av regionen
- sikre at Vest-Telemark kraftlag har ein eigen driftssentral i regionen
- ha ei forutsigbar og langsiktig forvaltning av konsesjonskrafta til Seljord kommune
- ha eit levande og ope lokaldemokrati og finne måtar å engasjere fleire i utviklinga av kommunen
- medverke til at Seljord ungdomsråd blir eit endå viktigare talerør for born og unge i kommunen

- fremje industri- og krafthistoria til Seljord, mellom anna gjennom å bidra til aktivitet knytt til Lakshøl bruk